

Dato: 06.03.2017

Arkiv: 033&18

Kontrollutvalet i Ørsta

SAK 11/17 ORIENTERINGSBESØK HJØRUNDFJORDHEIMEN - RAPPORT

Forslag til vedtak

Vedlegg

Rapport frå kontrollutvalet sitt orienteringsbesøk ved Hjørundfjordheimen, 22.09.2016.

Saksopplysningar/saksutgreiing

Kontrollutvalet hadde orienteringsbesøk ved Hjørundfjordheimen, 22.09.2016.

Ein viser til rapporten frå orienteringsbesøket som ligg ved.



Jostein Støylen
Dagleg leiar



Signhild Aa. Torbjørnson
Konsulent

Kontrollutvalet i Ørsta

HJØRUNDFJORDHEIMEN

- RAPPORT FRÅ KONTROLLUTVALET SITT
ORIENTERINGSBESØK 22.09.2016



INNHALD

INNLEIING	2
MÅLSETTING	3
GJENNOMFØRING	3
OM HJØRUNDFJORDHEIMEN	4
ORIENTERING	4
OPPSUMMERING	11
Orden og reinhald	11
Luftkvalitet/ventilasjon/romtemperatur	11
Bygg/vedlikehald	11
Brannvern	11
Vaktmeistertenesta	11
Skilting	12
Uteområde	12
Sluttkommentar	12

INNLEIING

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) regulerer mellom anna tilsyn, kontroll og revisjon i kommunene. Etter kommunelova har kommunestyret det øverste tilsynet med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vél kontrollutval, som på vegner av kommunestyret har det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Dette er hovudoppgåva til kontrollutvalet.


Forskrift om kontrollutval (fastsett av Kommunal og regionaldepartementet) presiserer kontrollutvalet sitt virke.

Kontrollutvalet nyttar primært kommunerevisjonen til å *utføre* prioriterte kontrollhandlingar, men kan i tillegg utøve sjølvstendige tilsynsfunksjonar. Dette kan vere orienteringsbesøk hos tenesteprodusentane i kommunen.

Kontrollutvalet vil understreke at orienteringsbesøket ikkje er å sjå som eit tilsyn då dei ikkje er faginstans/fagfolk på dei områda som er omtala i rapporten. Rapporten omtalar det utvalet har registrert på sitt besøk, - gjennom orientering/samtale med tilsette samt ved sjølvsyn under omvisning på Hjørundfjordheimen.

Åram 11.01.2017

Jostein Støylen
Dagleg leiar

 VEST KONTROLL

Sigrid Aa. Torbjørnson
Konsulent

 VEST KONTROLL

MÅLSETTING

Føremålet med orienteringsbesøk er at kontrollutvalet skal få oversikt og kjennskap til det kommunen forvaltar, og som kontrollutvalet skal føre tilsyn med. Dette vil gi kontrollutvalet betre grunnlag for å vurdere om drifta skjer i samsvar med gjeldande reglar, vedtak og intensjonar.

GJENNOMFØRING

Orienteringsbesøket vart gjennomført 22. september 2016, og følgjande personar var tilstade:

Hjørundfjordheimen:	Inger Liadal, seksjonsleiar Marie Helen Follestad, einingsleiar Sigve Aklestad, vaktmeister
Ørsta kontrollutval:	Sven Castberg, leiar Stina Aasen Lødemel, medlem Kari Janne Myklebust, medlem Peder Slenes, medlem Trond Vartdal, varamedlem
Vest kontroll (sekretariat)	Jostein Støylen, dagleg leiar Sigrid Aashild Torbjørnson, konsulent

Orienteringsbesøket starta med orientering om Hjørundfjordheimen. Einingsleiar Marie Helen Follestad, seksjonsleiar Inger Lystad og vaktmeister Sigve Aklestad orienterte og svara på spørsmål før det var omvisning på heimen og tilhøyrande uteareal.

OM HJØRUNDFJORDHEIMEN

Hjørundfjordheimen har to funksjonar; sjukeheim og bufellesskap, og er ein del av den kommunale pleie og omsorgstenesta i Ørsta kommune.

Heimetenesta for Hjørundfjorden vert administrert frå Hjørundfjordheimen.

Hjørundfjordheimen husar totalt 38 bebuarar, ca. 40 tilsette, miljøarbeidar-katten Baldrian og akvariefiskane.

Bygget stod ferdig og vart teken i bruk i januar 1985. Den offisielle opninga var i oktober 1985.

Hjørundfjordheimen har to etasjer:

I første etasje er det bufellesskap med 18 rom der fire av roma er dublettar.

Elles har etasjen stove/matsal, kjøkken, administrasjon og vaktrom/pauserom for tilsette. Arealet er på 1470 m².

Sjukeheimen med ca.20 plassar ligg i andre etasje. Her er det tre doble og resten enkle rom. Arealet er på 1260 m².

Begge avdelingane har tilbod om kort og langtidsopphold samt dagopphald.

Tilhøyrande er óg fem frittståande trygdebustadar som ligg rett nedanfor Hjørundfjordheimen.

ORIENTERING

Einingsleiar Marie Helen Follestad opna orienteringsmøtet på Hjørundfjordheimen.

Marie Helen Follestad er leiar for Hjørundfjordheimen og for heimetenestene i Hjørundfjorden. Ho byrja i denne stillinga i januar 2015, etter 11 år som sjukepleiar ved Hjørundfjordheimen. Som leiar har ho óg personalansvar for dei rundt 40 tilsette.

Ho orienterte om Hjørundfjordheimen, heimetenestene og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Ved Hjørundfjordheimen er der ca. 20 plassar ved sjukeheimsavdelinga andre etasje. Denne kan ein dele i tre grupper; «Dalastova» er for dei demente som treng mest tilsyn, og «Fjordstova» for dei to andre gruppene.

Fast er der 20% lege ved heimen (kvar tysdag). I tillegg gir det god støtte og tryggleik å ha legekontor på Sæbø.

I første etasje er det bufellesskap med 18 rom. Her deler ingen rom, men fire av roma er såkalla dublettar der to bebuarar deler bad. Roma i bufellesskapet blir rekna som trygdebustader. Bebuarane her treng litt mindre hjelp, men treng døgntinuerlig tilsyn.

Heimetenestene, som heimesjukepleie og heimehjelp, vert organisert frå Hjørundfjordheimen. Heimebasert omsorg (HBO) er integrert i sjukeheimsavdelinga. Ein person har ansvaret for HBO på dagtid, og på kveldstid er det ein person frå sjukeheimsavdelinga som går ut og tek nødvendig besøk. Skyssbåten Hjørundfjord har fast oppdrag for heimetenestene når dei skal til Bjørke. Er det for dårleg vør, så er har Hjørundfjordheimen støttepersonale der som ein kan ty til. Det gir ein tryggleik som er av stor verdi for heimetenesta.



Under orienteringa fekk kontrollutvalet lunsj frå kjøkkenet ved Hjørundfjordheimen. Her serverer einingsleiar Marie Helen Follestad medan seksjonsleiar Inger Liadal orienterer.



Seksjonsleiar Inger Liadal, som er leiar for dei tre institusjonane i Ørsta kommune. Ho supplerte om Hjørundfjordheimen, og orienterte generelt om organisering og utfordringar innan for pleie og omsorg. Når det gjeld bemanningssituasjonen, så er der ein samanheng mellom antal plassar og tilsette. Forsvinn plassar ved heimen medfører det óg ein reduksjon i bemanninga. Ei utfordring ein har innanfor geriatri er å få sjukepleiarar inn i dei ledige vikarstillingane.

I nokre av omsorgsbustadane må bebuarane dele rom pga kapasiteten. Dette er beklagelig, men godkjent av kommunestyret. Ein søker gjere det beste når det oppstår. Forsvarlege helsetenester er det ein skal levere og som ein vert målt på.

Demens og psykiatri innanfor geriatri er utfordrande. Ved Hjørundfjordheimen har ein i mange år hatt eit særskilt fokus på bebuarar med demens, og korleis ein kan legge til rette for desse som er på same avdeling som somatiske pasientar (dvs. pasientar med kroppslege plager). Dei som har stort behov for tilsyn, samlar ein i «Dalastova», og prioriterar å bruke ressursar der.

Alle dei tilsette på Hjørundfjordheimen (pleie-, kjøkkenpersonale og vaktmeister) tok "Demensomsorgens ABC" på midten av 2000-talet. Og er, etter det ein kjenner til, den einaste sjukeheimen i Noreg som har fått til dette.

Etter å ha vore på kurs med Lise Næss frå Gerontologisk institutt, kom «Dalastova» til på dugnad og innsamla pengar. «Dalastova» er ei tidlegare arbeidsstove i andre etasje som vart gjort om til ei stove med kjøkkenkrok. Her får dei demente sjølv høve til å ta del i matstell, stryke klede og vaske opp.

Her må ein nemne at Nasjonalforeningen for folkehelsen sin demenspris 2012 gjekk til "Dalastova" og hjelpepleiarane Ann- Helen Urkegjerde og Bodil Skare, som delte denne prisen med kollegaer og leiing ved heimen som har «vore med».

Det gode arbeidsmiljøet ved Hjørundfjordheimen dannar grunnlag for å legge til rette for bebuarane. Dette har óg vorte lagt merke til og Hjørundfjordheimen har fått to prisar for godt arbeidsmiljø; Ørsta kommune sin arbeidsmiljøpris i 2014 og fylket sin arbeidsmiljøpris for 2015 som gjekk til Ørsta kommune ved Hjørundfjordheimen. Fridom under ansvar, eigarforhold til arbeidet, lågt sjukefråver og ein positiv tone mellom dei tilsette låg til grunn for juryen sitt val.

Generelt er Hjørundfjordheimen flinke til å ta dei demente med på gardsbesøk, utflukter og arrangere aktivitetar, både på, ved og utanfor heimen. At dei eldre med dement får vere ute kvar dag, så sant vêret tillet det, prioriterer ein høgt.

Alle dei eldre som klarar det får høve til å vere med på ulike aktivitetar som å plante, hogge ved, mate fuglar slik dei skal ha eit mest mogleg eit aktivt liv.


Dette må ikkje sjåast som eit teikn på at her er for mykje personale,- det går på prioritering og vilje for å få det til blant dei tilsette.

Seksjonsleiaren rosar Hjørundfjordheimen for å vere ein god ambassadør som er flink til å synleggjere det gode arbeidet.

Det er ved Dalastova miljøkatten Baldrian held seg mest. Men han bur i open institusjon og vandrar overalt. Ein sensor på døra gjer at han går ut og inn som han vil.



Baldrian vart offisielt innskrevet som miljøkatt på Hjørundfjordheimen 4. desember 2012.



Den tidlegare bestyraren ved Hjørundfjordheimen vert sitert på at Baldrian er noko av det beste som har skjedd heimen. Og han har også fått ein pris; Baldrian vart i 2014 kåra til Norges dyrehelt. Undersøkingar viser at dyr har ein positiv effekt på miljøet på alders- og sjukeheimar, og Baldrian vart av juryen omtala som «eit godt eksempel på korleis dyr gir oss tryggleik og omsorg i kvardagen, og dagleg gjer ein viktig forskjell for folk.»

Sigve Aklestad er tilsett i 100% stilling som vaktmeister i Ørsta Kommune. Han er hovudsakleg ved Hjørundfjordheimen, men er óg på tilkallingsoppdrag til Ørsta. Aklestad har vore ved Hjørundfjordheimen i mange år. Det gir ei sterk ansvarskjensle og eit eigarskap til institusjonen. Einingsleiar Follestad meiner det er uvurderlig å ha «sin eigen» vaktmeister.

Omorganiseringa førte til at ansvaret for vedlikehald vart samla i same seksjon. Dette kan vere eit gode slik ein får eit betre og samla oversikt over vedlikehaldsbehovet. Vedlikehaldsarbeidet er ein pågåande prosess som aldri stoppar, seier Aklestad.

Noko som ikkje lenger ligg til vaktmeistrane og som difor kanskje har kome litt i ei gråson, er kven som skal ha ansvaret for det elektromedisinske tilsynet. Det vil seie ha tilsyn og føre kontroll med alt medisinsk utstyr som surstoffapparat, heiser, senger, stolar osv.



Sigve Aklestad orienterte kontrollutvalet om brannvernet ved heimen. Ein er i den høgaste risikograppa mtp overnatting. I 2014 vart det installert nytt sprinkleranlegg ved heimen og nye branntrapper. Ein har to brannøvingar i året, - ei i juni og ei i desember. Kontrollutvalet fekk dokumentasjon på brannopplæring, brannøvingar samt kontrollskjema for branntryggleik (varslingsanlegg, sløkkjeapparat/-slangar, rømningsvegar/-dører, nødbelysning osv.).

Etter orienteringa var det omvisning på Hjørundfjordheimen og tilhøyrande uteområde.



Kontrollutvalet på veg inn på Hjørundfjordheimen. Inngangspartiet er pryda med blomster og eit flott stilleben inspirert av sjølivet.



I gangen finn ein vekeoversikt over aktivitetar.

Ei lita stove ligg rett innanfor terrassa i første etasje.



Matsalen i første etasje.



Hjørundfjordheimen har eit stort kjøkken som bar preg av god orden.



Frå gangarealet i andre etasje.



I Dalastova vert det ofte spela musikk,- noko som ikkje såg ut til å ta søvnen frå mjølkatten Baldrian som låg i ein stol og sov i stova.



Utsikt frå ein rømingssveg i andre etasje.

Uteområdet er velstelt og lagt opp med mange gangstiar ein kan nytte for små spaserar der ein kan ta seg ein kvil på ein av benkane.



Frå terassa på bakkeplan ut mot hagen. Hagen/uteområdet er velstelt med mykje frodige blomster som vaktmeister Sigve Aklestad har ansvaret for. Frukt- og bærtrea får bebruarane vere med på å hauste.





Kontrollutvalet på omvisning på uteområdet. Biletet til høgre er frå eit inngangsparti på ein av dei fem trygdebustadane som ligg bak Hjørundfjordheimen, ned mot fjorden. Dei som bur der har heimetenester etter behov.

OPPSUMMERING

Orden og reinhald

- Det var god orden og godt reinhald der kontrollutvalet var på omvisning.

Luftkvalitet/ventilasjon/romtemperatur

- Kontrollutvalet fekk ingen tilbakemeldingar når det kom til luftkvalitet, ventilasjon og romtemperatur.

Bygg/vedlikehald

- Etter det kontrollutvalet kunne sjå, bér bygningen generelt preg av godt vedlikehald.

Brannvern

- Hjørundfjordheimen har brannøvingar to gongar i året.
- Nytt sprinkleranlegg og branntrapper i 2014.
- Dokumenterte godt brannvern med skjema for opplæring, brannøvingar og kontrollskjema for brannvern og slökkjeutstyr.

Vaktmeistertenesta

- Hjørundfjordheimen har eigen vaktmeister.

Skilting

- Det kunne vore betre skilting, både inne og ute. Eit oversiktskart vil gjere det lettare å kunne orientere seg og finne fram.

Uteområde

- Uteområdet er velstelt og lagt opp med mange gangstiar ein kan nytte for små spaserturar og ta seg ein kvil på ein av benkane. Inngangspartiet er lagt til rette for alle og innbydande med stilleben. Hagen var velstelt med frodige, riktblomstrande plantar og frukttre bebruarane får vere med og hauste sjølv.

Sluttkommentar

- Kontrollutvalet fekk inntrykk av at Hjørundfjordheimen er ein godt fungerande institusjon med eit engasjert personale.
- Kontrollutvalet takkar seksjonsleiar Inger Liadal, einingsleiar Marie Follestad og Sigve Aklestad for god orientering og omvising.
- Kontrollutvalet ser orienteringsbesøka som særst nyttige, og oppmodar formannskapet, kommunestyret og politikarar generelt til å fare ut på orienteringsbesøk.